



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 13

(2007–2008)

## Om lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 16. november 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Fiskeri- og kystdepartementet fremmar i denne proposisjonen to forslag til endringar i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven).

For det første vert det i kapittel 2 gjort framlegg om å endre deltakerloven § 21 om årlige begrensningar i adgangen til å delta i fiske og fangst mv. Formålet med denne endringa er å opne for at alle fartøy under ein viss storleik, og som er registrert i eit avgrensa geografiske område, kan få adgang til å delta i fangst av kongekrabbe. Dette forslaget er ei oppfølging av forslaga frå regjeringa i St. meld. nr. 40 (2006-2007) Forvaltning av kongekrabbe, der dette er nærare diskutert og grunngeve.

For det andre vert det i kapittel 3 gjort framlegg om å endre ordlyden i deltakerlova § 25 om gebyr, slik at nevninga «gebyr» vert endra til «avgift» for så vidt gjeld det årlege gebyret som ein fartøyeigar må betale for at fartøyet skal stå registrert i Merkeregisteret. Denne endringa skjer i tråd med nye retningslinjer som er utarbeidde av Finansdepartementet om kva som skal reknast som eit gebyr og kva som skal reknast som ei avgift.

### **2 Endring av § 21 - Fangst av kongekrabbe**

I St. meld. nr. 40 (2006-2007) Forvaltning av kongekrabbe går regjeringa inn for at alle merkeregistrerte fartøy under 11 meter som er registrert i Aust-Finnmark, inkludert kommunane Nordkapp og Porsanger, skal få høve til å delta i fangsten av kongekrabbe.

Forslaget er diskutert og nærmare grunngeve i kapittel 9.1 i stortingsmeldinga, særleg kapittel 9.1.4 og 9.1.6.

Det er deltakerloven § 21 som er heimel for å setje vilkår for å delta i ulike fiskeri, for å begrense talet på fartøy som deltek. Slike begrensningar kan ein innføre når «hensynet til ressursforvaltningen, avviklingen av fisket eller lønnsomheten i fisket» gjer det naudsynt. Fangst av kongekrabbe er mellom dei verksemdene som er underlagt slike vilkår.

Dei vilkåra som gjeld for ulike fiskeri i dag, skiljer ikkje mellom fartøya ut frå kvar dei er registrert. Det har vore like vilkår for alle fartøy, uavhengig av heimstaden til fartøyet og eigaren, og uavhengig av kvar fisket foregår. Dette har også vore tilfelle for vilkåra for å delta i kongekrabbefangsten.

Forslaget om å gjere unntak frå adgangsvilkåra for fartøy som er registrert i eit visst geografisk område, er soleis eit av dei nye tiltaka i stortingsmeldinga om forvaltning av kongekrabbe.

Deltakerloven § 21 gjev i dag ikkje heimel for å skille mellom fartøy etter kvar fartøyet er registrert. Dette er utreda nærare i kapittel 9.1.7 i St. meld. nr. 40 (2006-2007) Forvaltning av kongekrabbe. Det er difor varsla i meldinga at regjeringa vil fremme eit lovforslag med den naudsynte heimelen.

Det vert på denne bakgrunn gjort framlegg om eit tillegg til andre ledd i deltakerloven § 21, som skal gjeve heimel til å unnta fartøy registrert i eit visst eller visse geografiske område frå dei vilkår for å delta i fangst av kongekrabbe som vert fastsett med heimel i § 21 første ledd.

Det vil ikkje vere naudsynt at det handlar om eit samhengande geografisk område, og unntaket kan gjelde alle fartøy eller fartøy t.d. under ein viss storleik. Heimelen vil vidare berre kunne nyttast til å gjere generelle unntak i forskrift, ikkje til å gjere unntak for enkeltfartøy gjennom enkeltvedtak.

Forslaget har ikkje vore på offentlig høyring, då det er lagt fram for Stortinget som eit av forslaga til ny forvaltning av kongekrabbe i St. meld. nr. 40 (2006-2007). Dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget er utreda i kapittel 11 i stortingsmeldinga, særleg kapittel 11.2 og 11.3.

### **3 Endring av § 25 - Endring av «gebyr» til «avgift»**

Ved behandlinga av St. prp. nr. 1 for budsjettåret 2007 la Stortinget til grunn at enkelte tilsynsoppgåver skal finansierast av såkalla sektoravgifter.

I nye retningslinjer for gebyr og avgiftsfinansiering, R-112/2006, har Finansdepartementet klargjort skilnaden mellom eit gebyr og ei avgift, og kva vilkår som bør gjelde for offentlege gebyr- og avgiftsordningar. Eit grunnvilkår for gebyrord-

ningane er at gebyrplikta er knytt til den som mottek ei klart definert handling av styresmaktene, og eit gebyr skal dermed vere klårt knytta til mottak av ei teneste. Hovudmålet med ei sektoravgift er derimot å finansiere utgiftene til bestemte tiltak, for eksempel fellestiltak for ei næring der kostnaden vert betalt av næringa sjølv gjennom ei avgift.

I deltakerloven § 25 går det fram at «[d]epartementet kan bestemme at det skal betales et gebyr ved innføring i merkeregisteret og et årlig gebyr så lenge fartøyet står i merkeregisteret». Vidare følger det av andre punktum i same føresegn at «[g]ebyret er tvangsgrunnlag for utlegg.»

Bakgrunnen for å innføre desse gebyra var todelt. For det første skal gebyret dekkje kostnader med drifta av merkeregisteret og bruken av registeret til statistikk- og samordningsformål. For det andre skal gebyret medverke til at fartøyeigarane stryk ikkje-aktive fartøy frå registeret.

I høve til retningslinjene nemnt ovanfor, er dermed det gebyret som vert betalt ved innføring i merkeregisteret fortsatt å rekne som eit gebyr. Det årlege gebyret er derimot ikkje direkte knytt til handsaminga av ei enkelt sak. I samsvar med retningslinjene skal dette difor kallast ei avgift.

Det vert difor gjort framlegg om å endre formuleringa «[...] og et årlig gebyr» til «[...] og en årlig avgift» i deltakerloven § 25. Vidare må omgrepet «avgift» takast inn i andre punktum i føresegna for å sørgje for at også denne vil vere tvangsgrunnlag for utlegg, jf. lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdesloven) § 7-2 bokstav e.

Forslaget fører ikkje til materielle endringar for næringa. Lovforslaget har ikkje vore sendt på høyring, då dette vert ansett for openbert unødvendig. Forslaget har ikkje nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar.

Fiskeri- og kystdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven)

### I

I lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 21 andre ledd skal lyde:

Bestemmelser fastsatt etter første ledd kan begrenses til bestemte fartøystørrelser, bestemte fiskemetoder, bestemte geografiske områder eller i bestemte tidsrom. *For fangst av kongekrabbe kan det også skilles etter hvor fartøyet er registrert.*

§ 25 skal lyde:

Departementet kan bestemme at det skal betales et gebyr ved innføring i merkeregisteret og *en årlig avgift* så lenge fartøyet står i merkeregisteret. Gebyret og *avgiften* er tvangsgrunnlag for utlegg.

### II

Lova trer i kraft straks.

